




Arealstrategi

Arealstrategien er koplinga mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, og skal sikra at føringar som vert lagt i samfunnsdelen gjeld for arealutviklinga.

Arealstrategien byggjer opp under mål og strategiar i samfunnsdelen og gjev overordna føringar for kommunen si fysiske utvikling i eit langsiktig perspektiv. Arealstrategien vert slik førande for det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, og den dannar grunnlag for lokalisering av ulike utbyggingsføremål, for vurdering av private arealinnspeil og for arbeidet med planvask.

Voss herad skal verta arealnøytral, og har ein nullvisjon for tap av natur og dyrka jord. Eit viktig verkemiddel for å oppnå arealnøytralitet er å leggja til grunn tiltakshierarkiet i alle utbyggingsplanar, noko som inneber at me i fyrste omgang skal unngå nedbygging. Viss nedbygging ikkje let seg gjera, må me avgrensa utbygginga gjennom å restaurera natur og jord der det er mogeleg, og kompensera for tapet av natur eller jord som ein siste utveg. Det betyr også at me må konsentrera oss om å nytta grå areal, og gjenbruka og fortetta allereie utbygde område og eksisterande bygg, framfor å byggja ned natur.

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap representerer historie og er ein del av identiteten til Voss. Voss herad vil sikra at kulturmiljøet er med på å fremja positiv berekraftig utvikling gjennom å unngå tap av verneverdige kulturminne i arealdisponeringa.


Samfunnstryggleik og omsyn til naturfare og klimaendringar skal liggja til grunn for planlegging i Voss herad. Vidare arealutvikling må sikra trygge løysingar, mellom anna gjennom klimatilpassing og naturbaserte løysingar.

Utviklingsstrategi – sterkt regionsenter og levande grender

Det å leggja til rette for ei kompakt stadutvikling og effektiv arealbruk vil redusera press på natur- og landbruksområde. Ei kompakt stadutvikling og eit variert bustadtilbod vil også leggja til rette for miljøvenlege transportformer og sosiale nettverk. Ved å samla funksjonar og servicetilbod legg heradet til rette for ei berekraftig og langsiktig utvikling.

Dei fleste innbyggjarane våre bur i og rundt regionsenteret, og Vossevangen som regionsenter skal prioriterast med både offentlege og private tilbod, handel og bustadbygging. Regionsenteret omfattar også Skulestadmo, Tvildemoen, og Palmafossen, då desse områda husar viktige samfunnsfunksjonar og tilbod som vidaregåande skule, politi, brannstasjon og handel med plasskrevjande varer. For å sikra eit sterkt regionsenter må me byggja heradet innanfrå og ut.

Vossevangen har ein viktig funksjon for innbyggjarar i heile heradet, og som regionsenter er handel, skuletilbod og andre type tilbod også viktig for nabokommunane våre. For å sikra levande grender er det og viktig å definera og styrka knutepunkt nord, sør og vest i heradet. Ved å samla viktige funksjonar i tre grendasenter vil føreseielege tenester med god kvalitet i større grad verta sikra for innbyggjarane i alle delar av heradet.



Ny senterstruktur med regionsenter og grendasenter

Bustadbygging

- Bustadbygging skal i hovudsak vera knytt til region- og grendasenter
- Det kan også opnast for nye bustader i tilknytning til etablerte bustadfelt eller anna eksisterande sosial og teknisk infrastruktur, som til dømes, skule og barnehage, idrettsanlegg, servicetilbod og møteplassar
- Trafikktryggleik, trygg skuleveg og kort avstand til gang/sykkelvegsamband og kollektivtilbod skal vektleggjast
- Ved lokalisering og utforming av nye buareal skal bu-, friluftslivs- og nærmiljøkvalitetar, universell utforming og aldersvenleg utvikling vektleggjast
- Bustadtypar som er eigna for ulike livsfasar prioriterast. Til dømes leilegheiter, mindre husvære og mikro-/ minihus
- For å halde norsk matproduksjon ved lag, er det viktig å syte for busetjing i tilknytning til landbruksareal, og som bidreg til at neste generasjon driv jorda vidare

Offentleg tenestetilbod

- Offentlege funksjonar skal i hovudsak leggjast til Vossevangen slik at dei vert tilgjengelege for flest mogleg av innbyggjarane
- Ved nyetablering av skule, barnehage og institusjonar/omsorgsbustader utanfor regionsenteret skal dei knytast tettast mogleg på dei tre grendasentera i sør, vest og nord
- Det skal leggjast til rette for sambruk og fleirbruk. Det er viktig med tilgang på uteområde som stimulerer til sosial og fysisk aktivitet, - og deltaking i nærmiljøet

Handel og service

- Handel- og servicetilbud og arbeid- og besøksintensive verksemdar skal i hovudsak leggjast til Vossevangen for å stø opp om eit sterkt regionsenter
- Innanfor regionsenteret med omland skal detaljhandel i hovudsak lokalisert på Vossevangen, i tråd med sentrumsplanen
- Kring dei tre grendasentera og etablerte bummiljø kan det etablerast daglegvarehandel og andre handels- og servicetilbud som stø opp om nærmiljøet og reduserer transportbehovet til innbyggjarane

Energi, næring og industri

- Allereie utbygde område og grå areal skal prioriterast for vidare utvikling. Berre unntaksvis og for tiltak med stor samfunnsnytte eller klimagevinst kan nytt areal takast i bruk til næring, industri og masseuttak
- Næring og industri skal ha fokus på samlokalisering, symbioseeffektar og tilgang på fornybar energi som t.d. grunnvarme. Næring og industri skal i hovudsak lokalisert på fylgjande avsette næringsareal:
 - Istad: Tyngre industri og arealkrevjande næring
 - Bjørkemoen: Tyngre industri og arealkrevjande næring. Utvikling og kompetanseverksemdar som stø opp om biogassanlegg og sirkulærøkonomi skal prioriterast
 - Bømoen: Flyplass- og luftsportsrelatert næring, reiseliv og lettare næringsaktivitet og kompetansesarbeidsplassar. I mindre grad industri og tyngre/arealkrevjande næring
 - Tvildemoen: Lettare næring/kontor/kompetansesarbeidsplassar som kan samlokalisert med bustader
 - Brynalli: Arealet skal primært stø regional handel og tenester, som ikkje høyrer naturleg heime i Voss sentrum
- Etablert næringsareal i grendene skal vidareførast. Vidareutvikling av desse skal vurderast
- Energistasjon og kvileplass for tyngre kjøretøy skal leggja til rette for fleire energikjelder, som mellom anna biogass og elektrisitet. Lokalisering og kva målgruppe energistasjonen skal tilretteleggjast for må utgreiast
- Vidare kraft- og energiproduksjon skal ta utgangspunkt i dei naturgjevne føresetnadane Voss herad har. Initiativ som inneber utnytting av naturgjevne føresetnadane utan store naturinngrep skal prioriterast
- Voss har lange tradisjonar innanfor bergverksdrift, og vil leggja til rette for vidareføring av desse der det er relevant, som til dømes uttak av anortositt
-

Reiseliv

- Reiselivsaktivitetar skal stø opp om etablerte reisemål og infrastruktur, og basera seg på naturgjevne føresetnader. Vidare utvikling må byggja på god kollektivtransport og berekraftig besøksforvaltning
- Dei etablerte fritidsdestinasjonane Myrkdalen, Bavallen og Voss ski- og tursenter skal prioriterast ved ny utvikling

- Areal for langtidsoppstilling og servicetilbod for turistbussar skal lokalisert i utkanten av Vossevangen
- Det skal setjast av areal til bubilparkering. Bubilparkering/ camping bør lokalisert i gang/sykkelavstand til Vossevangen eller fritidsdestinasjonar. Eksisterande grå areal og sambruk med andre funksjonar som t.d. parkering skal prioriterast

Fritidsbustader

- Det vert ikkje opna for nye område for fritidsbustader
- Dei etablerte fritidsdestinasjonane våre - Myrkdalen, Bavallen og Voss ski- og tursenter, skal prioriterast for utvikling. Ved vidare utvikling av desse tre destinasjonane må fortetting prioriterast framfor nedbygging av nytt areal
- Fritidsbustadtilbod basert på utleige / deling skal prioriterast framfor private fritidsbustader

Kyst- og strandsone

- Kyst- og strandsona i Voss herad skal ivaretakast med omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og ålmenta sine interesser
- Tiltak som gagnar ålmenta skal prioriterast

Jordvern

- Voss herad har ein nullvisjon for nedbygging av dyrka jord
- Omdisponering av dyrka eller dyrkbar jord kan berre vurderast i samband med etablering av viktige samfunnsnyttige føremål og kritisk infrastruktur
- I dei tilfella jord likevel må byggjast ned skal føringar i jordvernstrategien leggjast til grunn for vidare vurdering og handsaming

Natur

- Voss herad har ein nullvisjon for nedbygging av natur
- For alle planinitiativ som inneber inngrep i urørt natur skal det gjennomførast kartlegging (Miljødirektoratet sin Instruks)
- Det skal takast særskild omsyn til:
 - Gamalskog/naturskog, kulturlandskap og anna artsrik natur eller leveområde for sårbare artar
 - Myr og anna natur som tek opp og lagrar mykje karbon og/ eller er viktig for klimatilpassing
 - Vassdrag og marine naturtypar som er viktig både med omsyn til sårbare artar og økosystemtenester
 - Kartlagde og verdsette friluftslivsområde